

KUNST

EVA FURSETH, kunsthistorikar. eva.furseth@gmail.com

Kunsten å sparke oppover

UTSTILLING

CHRISTIAN MESSEL:

Teikning, collage, måleri, linoleumstrykk og to animasjonsfilmar

NILS AAS KUNSTVERKSTED, INDERØY
6. FEBRUAR–11. APRIL 2021

Det første som møter oss i den omfattande mønstringa til Christian Messel (f. 1980), er eit stort måleri av ein ulv forkledd som gjetar. I bakgrunnen kviler saueflokkene fredfullt. Den falske gjetaren sleikjer seg om munnen medan han ser på oss med eit sleskt og innforstått smil. Kunstnaren har signert verket nedst i venstre hjørne, men ikkje med sitt eige namn. For verket er ei omhyggeleg etterlikning av «The Wolf in Shepherd's Clothing» av den franske illustratøren Gustave Doré frå 1868.

Medan arbeidet til Doré er eit grafisk trykk skore ut i tre, har Messel måla sin versjon med lette strøk med akrylmåling. Går ein nær innpå, kan ein glede seg over det vakre nettverket som Messel har bygd opp av tynne penselstrøk i forskjellige vinklar. Såleis har han gjort Dorés arbeid til sitt eige. I tillegg

har Messel ført inn eit ekstra element, eit stilisert handtrykk, symbolet på ein inngått avtale. Denne samansetjinga talar sitt eige klare språk. Verket slår an tonen for utstillinga, med eit skrått smil sparkar kunstnaren mot dei som sit med makt. Han er aldri den som sparkar nedover.

LUKSUS FØR OG NO

Messel er ikkje av dei som skyr arbeid. I verket «Series D #8 (Zoffany)» har han teikna eit galleri i rokokkostil etter eit bilete tyske Johann Zoffany måla i åra 1772–1778. Her vurderer fornemme parykkledd herrar verk i eit rom fylt med kostelege kunstsattar.

Verket er teikna med tusj, rissa opp med ein lett og elegant skravur. Messel har erstatta dei tradisjonelle måleria med foto. I framgrunnen er eit utsnitt av eit kjent måleri av den franske rokokkomålaren Francois Boucher frå 1751. Mennene som diskuterer måleriet, lèt seg ikkje merke med at måleriet av den fagre kjærleiksgudinna Venus er skore i to.

Vi finn òg fleire eksempel på vår tids luksuriøse makt-symbol, saksa frå vekeblad.



«Series D #8 (Zoffany)», collage og blekk på papir, 2009. Alle foto: Christian Messel

Når dei vert plasserte i rokokkorammer, vert det ufrivillig komiske svært tydeleg.

SKULPTURVELTING I 2016

Fleire av arbeida i utstillinga problematiserer skulpturar og monument. Dei tek føre seg korleis makta har det med å reise seg opp på ein sokkel. Dette er eit tema Messel arbeidde mykje med i åra 2015–2018. For ønsket om å velte skulpturar er ikkje noko nytt fenomen.

Det er likevel spennande arbeid i relief av den heftige bølga av protestar mot politivald og rasisme som velta og raserte statuar i fjor. I verket «Item 039» har ein klassisk bronseskulptur av ein mann med makt blitt erstatta med ein enorm versjon av «Venus frå Willendorf», ein tretti tusen år gamal kvinnefigur. Korleis hadde vel ikkje historia sett ut om det var andre verdier enn sigrar i krig som vart heidra på sokkel?

Andre verk er collagar der ei kvinnebyste får mannsansikt, ein klassisk gresk mannskulptur er forsynt med hofte og beina til ein skulptur av ei kvinne. Ei kvinne har fått mannlege bein – noko som også endrar totalt måten vi opplever henne på. Såleis får han oss på elegant vis til å kople kjønn og stereotypiar til maktutøving. Det er tankevekkjande at ulikskapen mellom måten menn og kvinner poserer på, faktisk ikkje har endra seg på fleire tusen år.


EI PINGLE MED HJORT

Han har også laga ein versjon av eit antikt relieff av den



«Bauta» av Nils Aas i framgrunnen, på veggen heng tre av arbeida til Messel. Foto: Frank Furseth

greske helten Herakles som legg ned ein hjort med berre hendene. I Messels versjon er det herleg atletiske ved kroppen brutalt klipt vekk, att står ei pingle.



«Item 011», collage, 2015.

Det er berre å le av at han skulle hanskast med det digre dyret åleine, så vel som dei andre storverka det går gjetord om, som å halde heile himmelkvelvingen med berre hendene og kome levande ut frå Hades.

Med den enkle korrigeringa stikk Messel effektivt høl på eit oppblåst og oppskrytt mannsideal.

REVITALISERING

Det er praktfullt å sjå korleis

Messel sjonglerer med eit rikt spenn av referansar frå verdshistoria så vel som kunsthistoria, litteratur så vel som populærkultur. Han kopierer uhemma eldre kunst, lagar nye samanhengar som dannar slående og sterke budskapar for samtida. Her er det berre å tørke støv av alt ein har av tverrfagleg kunnskap og kaste seg ut i eit mylder av underfundige arbeid.

Uttrykket, og bruken av collage og kopiar, den friske og freidige samfunnskritikken har sterke likskapstrekk med avantgardekunsten i første halvdel av 1900-talet. Samstundes lukkast han med å tilføre sitt eige og såleis skape ei revitalisering som treffer vår tid.

EVA FURSETH

Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no



«Item 002», collage, 2016.



«Serie Eam (Gustave Doré)», akryl på lerret, 2013.